



Arkoconsult AS  
Postb. 103, HTB-bygget  
5291 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:  
Dykkar: Tom Andre Sivertsen  
Vår: 14/698 - 14/15060

Saksbehandlar:  
Anne-Lise Næs Olsen  
Anne-LiseNaes.Olsen@meland.kommune.no

Dato:  
03.10.2014

## Referat - oppsummering etter møte - mulig utnytting av eigedom 23/106 i Løypetona

På grunnlag av førespurnad frå Dykk, vart det 02.10.2014 halde avklaringsmøte på vårt kontor.

Desse var med:

Frå Arkoconsult AS - Tom Andre Sivertsen  
Tiltakshavar - Leiv Jan Fosse  
Frå kommunen - Anne-Lise Olsen

Hensikten med møtet var å avklare kva som jf. reguleringsplan Løypetona, kan byggjast på eigedom 23/106.

Administrasjonen synte til reguleringsplan med føresegner for planområde FS2 der det heiter:

2.4 Felt FS1, FS2, FS3 og FS4 - Frittliggjande småhus

2.4.1 Innanfor felta kan det først opp einebustader.

2.4.2 Felt FS1 kan byggjast ut med tomannsbustader og alle tomtene i feltet kan utviklas samla som ei stor tomt.

2.4.3 Felt FS2 kan byggjast ut med tomannsbustader.

2.4.4 Det skal sikrast minimum 100m<sup>2</sup> uteopphaldsareal med kvalitetskrav (jf § 1.7) pr bueining.

Me gjekk gjennom føresegnene og administrasjonen orienterte om at det på eigedom 23/106 kan byggjast 1 einebustad eller 1 tomannsbustad. Administrasjonen orienterte vidare om at bygginga må planleggjast innanfor byggjegransa i planen og med ein utnyttingsgrad på BYA= 17 %.

Utbyggjar ynskte i utgangspunktet å byggje 4 mindre einebustader på tomta og la fram forslag til situasjonsplan for dette. Dei orienterte om at dei alternativt kunne tenkje seg å byggje 2

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

tomannsbustader. Utbyggjar ville vidare ha tilbakemelding på om dei kunne søkje om dispensasjon for å få til dette.

Administrasjonen orienterte deretter om at ei slik varig endring etter administrasjonen sitt syn, ville utløyse krav om endring av reguleringsplanen, jf. pbl § 12-14. Administrasjonen minna vidare om at auke i tal på bustadeiningar også ville føre til auka trafikk gjennom eksisterande bustadområde i nord, og at dette igjen kan medføre merknader i ei eventuell sak. Administrasjonen orienterte også om at utbyggjar jf. pbl § 19-1, likevel har høve til å søkje om dispensasjon frå reguleringsplanen.

Utbyggjar vil etter dette vurdere sin vidare prosess i saka.

Med helsing

Anne-Lise Næs Olsen  
plankonsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**  
Arkoconsult AS

Postb. 103, HTB- 5291  
bygget

VALESTRANDSFOSEN